



Det vrimla av babyar og litt eldre ungar på TI-aren denne tysdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cafe TI-aren i Gamleskulen er inne i det andre driftsåret sitt og er samstundes i ferd med å få ein ny profil: Denne tysdagen hadde den besøk av blant andre tolv babyar som boltra seg på mjuke matter som er ei gåve frå helselaget. Med andre ord blir TI-aren også etterkvart ein populær møteplass for dei som har 'trilleungar'

Samstundes vart det denne tysdagen sett ny besøksrekord med 55, ein meir enn sist tysdag då den førre rekorden vart notert. 15 av dei 55 var under 4 år. Med andre ord var det 40 vaksne. Og det var ikkje berre uskedelingar, tre var frå Rosendal og to frå Husnes. Ryktet er med andre ord i ferd med å spreia seg utover kommunen om den trivelege møteplassen i Uskedalen.

- Og vi hadde venta fleire, for ei stor gruppe frå Husnes som også var her i fjor hadde meldt frå om at dei kom men meldte i tolvtte time at dei likevel ikkje gjorde det. No håpar vi at dei kjem neste tysdag, seier Berit Harriet Døsland på vegne av eit fornøgd vertskap.

Av Ola Matti Mathisen